



Informasjon
om tilboda
skuleåret
2017 - 2018

Info om tilboda

Stranda Kulturskule tilbyr opplæring innan ulike musikkfag i alle skulekrinsane i kommunen. Opplæringa går i hovudsak føre seg etter vanleg skuletid. I Stranda sentrum har vi eigne lokale i Storfjord Kulturhus. Mesteparten av undervisninga til elevar frå Ringstad krins er lagt hit. I Geiranger, Sunnlyven og Liabygda brukar vi skulen til undervisninga vår. Vi har tilbod i alle skulekrinsane. Vi treng eit minimumstal på 5-7 elevar i ein skulekrins før vi sender ut ein ekstra lærar, så sjølv om det er mogleg å søkje på alle fag i dei ytre krinsane er det ikkje sikkert vi kan tilby alle fag i alle krinsar.

I tillegg til den vanlege instrumentalopplæringa har vi i sentrumskrinsen to gruppetilbod. For 1. - 3. klasse har vi tilbod om "Kulturell Førskule". Dette er eit gruppetilbod primært for 1. - 2. klasse. Tilbodet er også ope for 3.klassingar som ikkje kjem inn på eit eige instrument. Kulturell førskule er eit variert tilbod der vi brukar mykje tid på song, musikk og rymeleik. Elevane får prøve ut ulike instrument.



Vi har også eit variert dansetilbod i Stranda Sentrum. Vi har eigne klasser frå 3-års alder og opp til godt vaksne. Vi har tilbod innan klassisk ballett frå 4 år til 5. klasse. Moderne dans/latino vert tilbydd frå og med 1. klasse. Vi har laga ein eigen faldar om dansefaget. Detaljar om innhaldet i dei ulike klassene, timeplanar og praktiske opplysningar om dansefaget finn de der.



Tilboda i kulturskulen vert tilpassa den enkelte elev. Dei fleste elevane vil få tilbod om enkeltundervisning der eleven er åleine saman med læraren ei viss tid kvar veke. For enkelte deler av undervisninga kan det vere aktuelt å bruke minigrupper på 2-3 elevar saman. I delar av året, og for enkelte elevgrupper, legg vi opp til å slå saman fleire elevar i ulike band og samspelgrupper. Ein elevplass i kulturskulen gjev ikkje rett til eit visst antal minutt undervisning pr. elev pr. veke, men vil gje eleven ein god miks av enkelttimar, samspel i ulike grupper og

konsertar/framføringar. Vi legg stor vekt på at elevane våre skal få god og allsidig trening i å opptre for eit publikum.

Vi har sett opp rettleiande aldersgrenser på ein del av tilboda våre. Vår erfaring er at dersom barn startar for tidleg på eit instrument dei ikkje fysisk er i stand til å meistre, fører dette berre til frustrasjon og at dei sluttar etter kort tid. Då er det betre å ta til på eit anna instrument først (t.d. piano) og evt. byte instrument når du vert eldre. Yngre barn kan likevel søkje på desse instrumenta, men vil berre verte tekne opp etter ei nærare vurdering. Dei vil likevel opparbeide seg "ventelisteansiennitet" for seinare år.

Kulturskulen har feler i barnestorleikar for utleige. Andre instrument er noko kvar enkelt elev må styte for sjølv. Kulturskulen har Ukuleler for sal og utleige.

Spesialisering er først og fremst tenkt til elevar som har spelt nokre år og som kan tenkje å øve meir enn dei andre. Det kan søkjast om spesialisering på alle individuelle fag. "Spesialisering 30" gir 30 minutt speletid pr. veke og eit utvida samspeltilbod. Alle kan søkje om opptak på "Spesialisering 30".

"Spesialisering 45" er eit tilbod for særleg talentfulle elevar. Opptak på tilbodet krev at du prøvespeler og at læraren din skriv ei tilrådein. Du vil då få minimum 45 minutt speletid kvar veke, eit utvida og variert samspeltilbod. For meir informasjon ta kontakt med kulturskulen.

Stranda Bandverkstad er eit tilbod på sida av den vanlege kulurskulen. Dette er eit reint samspelopplegg og hovudaktiviteten er å spele saman med andre i band. Vi set saman elevane i band alt etter kven som melder seg. Bandverstaden har mellom 8 og 12 fram møter i halvåret i tillegg til opptredener og konsertar.

Kulturskulen på nettet.

Kulturskulen brukar administrasjonssystemet Speedadmin. Alle elevar får sin eigen pålogging på dette systemet.

Her vil kvar enkelt elev måtte logge seg på for å finne timeplan, oppsette ekstraøvingar, lese beskjedar, finne informasjon om konsertar m.m.

Systemet har ei eiga side for smarttelefonar som m.a. tillet elevane å sende direkte meldingar til lærarane og skulen direkte frå nettsida.

Når systemet vert fullt utnytta vert dette eit svært nyttig verkty både for rektor, lærarar, elevar og føresette.

Kulturskulen brukar i tillegg fleire ulike sider på internett for å kommunisere med elevane/heimane. På kommuna si heimeside finn de generell informasjon og søknadsskjema. Kulturskulen er også på facebook. <http://www.facebook.com/kulturskulen>. Ved å "like" oss på Facebook, vil de automatisk få melding når ny, viktig informasjon er tilgjengelig.



Dans

Danseundervisninga i Stranda Kulturskule eit relativt nytt tilbod, men trass i at tilbodet er nytt er det svært populært.

Vi starta opp med nye lærarar hausten 2016, og fekk samtidig starta opp med egne klasser for klassisk ballett. Vi vidarefører dette tilbodet komande skuleår, og utvidar med fleire nye klasser og tilbod. I dei eksisterande klassene gjer vi enkelte mindre endringar både når det gjeld målgruppe og innhald i undervisninga.

Kort om dei ulike tilboda:

Junior ballett: Dette er ei blanding av dans og leik for dei yngste. Vi brukar element frå klassisk ballett- og dansetrening. I denne klassa kan ein føresett delta aktivt dersom dei ynskjer det og dersom læraren ser at dette er naudsynt. Tilbodet vert utlyst med atterhald om at det let seg gjennomføre praktisk. Tilbodet kan verte etablert som eit tilbod i samarbeid med ein eller fleire av barnehagane.

Ballet/Ballett Ekstra: Vi lærer klassisk ballett der vi fyl nivået til dei ulike elevane gradvis oppover. Dei som melder seg til "Ekstraklasse" vil få to frammøter pr. veke.

Moderne/Latino/Jazz: I Moderne dans/Latino vil elevane bli kjent med mange dansetyper frå den latinske verda (Salsa, cha-cha-cha, rock n`roll, jive). Jazzballett har sine røter i afrikansk dansetradisjon. Den er vidareutvikla i USA og er kraftfull, energisk og full av liv. Musikken er ofte gamle slagarar eller moderne listemusikk.

HipHop/Street: Dette er dei mest moderne danseformene vi ser på musikkvideoar, på konsertar og på hit-listene. Dansen er teknisk med mykje og aktiv bruk av heile kroppen, særleg er fotarbeidet viktig. Dansen kan innehalde mange triks og frie element. Vi prøvar oss med ei eiga **HipHop-klasse for gitar.**

Dans for vaksne: Danseklassa for vaksne er svært populær. Her er det sosiale fellesskapet viktig. Dansestil, form og innhald vert stort sett lagt opp utifrå kva dei påmelde ynskjer å drive med.



Danseundervisninga er førebels lagt til ulike lokale ved Storfjord Kulturhus. Dei yngste klassene og ballettklassene får undervisning på Hjorten. Dei eldre klassene får undervisning i Storsalen. Dette er ikkje ideelle lokale, så vi arbeider med å finne andre løysingar. Dersom påmeldinga vert god nok vil vi truleg satse på å etablere eit eige dansestudio i eit av dei andre sentrumsbygga.

Hovuddag for dans vert måndagar. Avhengig av påmelding og kva klasser som kjem i gang vil vi i tillegg måtte bruke 1 - 2 andre dagar i veka.



Klassene for elevar i skulealder vert lagt til tida rett etter skuletid. (SFO-tida). Vi arbeider for å få etablert danstilbod for førskuleborn i samarbeid med barnehagane.



Oversikt over dei ulike dansetilboda

Kode	Gruppenamn	Aldersgruppe	Elevar pr. gruppe	Tid pr. veke
JB	Juniorballett*	4-5 år	8-10	35 - 45 min
B1	Ballett 1	1. - 2. klasse	8-15	40 - 50 min
B2	Ballett 2	3. - 5.klasse	8 - 15	40 - 50 min
BE	Ballett EKSTRA**	3. - 6.klasse	8 - 15	2x 50 min
ML J	Moderne/Latin/Jazz Junior	1. - 2. klasse	8 - 15	40 - 50 min
ML1	Moderne/Latin/Jazz 1	3. - 4. klasse	8 - 15	40 - 50 min
ML2	Moderne/Latin/Jazz 2	5.klasse -->	8 - 15	40 - 50 min
ML E	Moderne/Latin/Jazz EKSTRA**	4. - 7.klasse	8 - 15	2x 50 min
HH/S 1	HipHop/Street 1	4. - 7.klasse	8 - 15	50 min
HH/S 2	HipHop/Street 2	8. - 10.klasse	8 - 15	50 min
HH/S G	HipHop/Street for Gitar***	4. - 7.klasse	8 - 15	50 min
HH/S E	HipHop/Street EKSTRA**	5. - 8.klasse	8 - 15	2x 50 min
DG	Dans Geiranger #		8 - 15	40 - 50 min
DL	Dans Liabygda #		8 - 15	40 - 50 min
DS	Dans Sunnylvn #§		8 - 15	40 - 50 min
ML V	Moderne/Latino for vaksne	eldre enn 16 år	10 - 20	120 min

Kommentarar til denne oversikta

* Juniorballett vert lyst ut med atterhald om at det praktisk let seg gjere å arrangere dette tilbodet i dagtid i samarbeid med ein eller fleire av barnehagane.

** EKSTRA-tilboda er tilbod for dei som er litt meir interesserte i å danse. Tilboda har 2 frammøter pr. veke. Dersom det er nok påmelde til dette tilbodet vert det køyrd som ei eiga klasse.

*** HipHop/Street for gitar vert tilpassa gitar både i stil, teknikk og innhald. Aldersgrensene er retningsgivande, men både eldre og yngre gitar kan melde seg.

Dansetilbod i dei ytre krinsane vert lyst ut for å undersøke interessa i desse krinsane. For at tilbodet skal startast opp treng vi nok påmelde samt tilgang på lærar. Tilbodet vert truleg eit tilbod innan sjengeren Moderne/latino/HipHop.

§ I Sunnylvn vert eit eventuelt tilbod starta opp i samarbeid med det eksisterande tilbodet om folkedans i regi av Hellesylt ungdomslag.

Prisar

Prisar:

For skuleåret 2017-2018 er det vedtatt følgjande prisar i kulturskulen. Alle prisane er pr. halvår.

Vanleg elevplass	kr.1650,-
Spesialisering (min.30.-45min)	kr. 2575,- - 3600,-
Storgruppeundervisning/dans	kr. 1375,-
Dans EKSTRA*	kr. 2100,-
Kulturell førskule	kr. 1100,-
Tilbod til førskuleborn (dans)	kr. 1100,-
Tilbod til vaksne (120min pr.veke)**	kr. 800,-
Tilbod til vaksne pr. framøte**	kr. 150,-
Instrumentleige	kr. 300,-
Materialavgift Bildefag	kr. 300,-
Materialavgift Foto	kr. 400,-



Søskenrabatt: 20% frå 2. elevplass i familien.(gjeld berre for søsken, ikkje for elevar med fleire elevplassar eller på vaksenklassene)

Elevar på musikkfag må rekne med å kjøpe spelebøker og anna undervisningsmateriell i tillegg til semesteravgifta.

Elevar i dansefaget må rekne med å kjøpe nødvendig klede/sko for det dansekurset dei er påmeldt.

Satsane kan verte indeksregulerte frå 1.1.2018. Andre endringar kan kome som følgje av politiske vedtak.

Avgifta vert krevd inn haust og vår. Undervisningsmateriell og personleg utstyr kjem i tillegg.

* Dans EKSTRA har to frammøter i veka.

** Prisen for vaksne elevar er to-delt. Ein del er fast for å vere påmeldt. I tillegg vert det krevd inn betaling pr. frammøte. Satsane gjeld for 2t dans pr. veke gjennom skuleåret. Ein deltakar som møter på alle øvingane i løpet av eit halvår vil betale dette:



<u>1x semesteravgift</u>	<u>800,-</u>
ca.16 x frammøte	2400,-
Samla	3200,-

Søknad om opptak

Alle som vil søkje om opptak i Stranda Kulturskule må søkje om opptak via det elektroniske søknadsskjemaet på (trykkbar lenkje i pdf-dokument)

<https://NOSTRANDA.speedadmin.dk>

Eksisterande eller tidlegare elevar som vil søkje om opptak på eit nytt fag, må logge seg på med brukar-namn/passord som de har fått tilsendt. Nye søkjarar brukar valet "Ny Elev" når de skal søkje.

På det elektroniske søknadsskjemaet finn de detaljert informasjon om dei ulike tilboda i Stranda Kulturskule. Denne informasjonen er også delvis tilgjengleg på engelsk. De finn også utfyllande regelverk og retningslinjer for opptak.

Oversikt over tilboda

Detaljert innhald og omfang i faga finn de på Speedadmin. På enklele instrument er det i tillegg fleire ulike alternativ å velge mellom.

Om de ynskjer andre tilbod enn dei vi pr. i dag kan tilby, så kontakt oss. Kanskje vi likevel kan tilby det nettopp det DU ynskjer?

NB! Dersom kommunestyret vedtek å endre skulestrukturen i kommuna kan dette få konsekvensar for kva tilbod vi kan tilby i dei ulike kripsane.

Tilbod	Krins	Tilbod	Krins	Tilbod	Krins
Piano/keyboard	Alle	Kassegitar - fleire ulike valg	Alle	El-gitar	Alle
Ukulele	Alle	Bassgitar	Alle	Fiolin	Stranda/Sunnylven
Song	Stranda/Sunnylven	Samspelverkstad	Stranda/Sunnylven	Kyrkjeorgel	Alle
Messingblås (alle instrument)	Alle	Treblås (Alle instrument)	Alle	Slagverk	Stranda/Sunnylven
Kulturell Førskule	Stranda	FOXY	Stranda	Korpsaspirant (bet. av korpsa)	Stranda/Sunnylven
Dans	Alle				
Nye Tilbod - Tilbod vi ynskjer å starte					
Teater/drama	Stranda	Foto	Stranda	Gitarkurs for vaksne	Stranda
Bildefag	Stranda				

Søknadsfrist 10. mai 2017

Søkjarar som søker innan Fristen vert prioritert ved opptak

Kontakt Stranda Kulturskule:

e-post: kulturskulen@stranda.kommune.no

telefon: 464 11 055